



Knut Asle Geitle
Eikåsneset 22 C
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3212 - 21/82047

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
16.02.2022

Avvisning av klage på vedtak om tvangsmulkt - gbnr 428/127

Administrativt vedtak: **Saknr: 1299/21**
Tiltak: Ulovleg støttemur
Byggjestad: Gbnr: 428/127 Marøyvegen 25
Tiltakshavar: Knut Asle Geitle

VEDTAK:

Klage datert 09.08.2021 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreisning for oversitta klagefrist etter fvl § 31. Klagen er sett fram meir enn eitt år etter at vedtaket er fatta, og kan difor ikkje realitetshandsamast, jf. Fvl § 31 3. ledd.

Alver kommune viser til klage datert 09.08.2021 på vedtak datert 03.07.2019 om pålegg om retting og tvangsmulkt, saksnr 18/548 i Radøy kommune. Saksnr. 20/3212 i Alver kommune.

Vurdering

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 1.ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annan med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Oversitta klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven § 29.

Alver kommune sitt vedtak er datert 03.07.2019. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 24.07.2019.

I vedtak datert 03.07.2019 i Radøy kommune, vart det gitt pålegg om retting og tvangsmulkt for ulovleg oppført forstøtningsmur. Søknad om godkjenning av forstøtningsmur i etterkant vart avslått i vedtak datert 16.12.2019. Som følgje av at søknaden om godkjenning i etterkant vart avslått følgjer Alver kommune no opp den ulovlege muren i samsvar med vedtak om pålegg om retting. Brev med oppfølging av vedtak er datert 13.02.2020. Dette er ikkje eit enkeltvedtak, men ei oppfølging av vedtak datert 03.07.2019. Klagefristen er difor 3 veker frå den dato.

Klagen er mottatt 09.08.2021.

Klagefristen er oversitta med 2 år, 2 veker og 2 dagar. Klagen er ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at «*selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såframt*

a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller

b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggast vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Knut Asle Geitle

Eikåsneset 22 C 5131

NYBORG